

# HÅLD GRØNE LÆRDAL REIN!

Det har vore stor etterspurnad etter ryddedugnad/vårrydding i bygda vår, då det har samla seg mykje plast og anna bos rundt om. No tek lag og organisasjonar i Lærdal initiativ til å arrangere ein stor ryddedugnad i heile dalen!

Sjølve ryddedugnaden vert arrangert **torsdag 26. april 2018 kl. 18-21.00.**

Tanken er å engasjere velforeiningar, skular, lag, organisasjonar, elveeigarlag, båteigarlag, politikarar, kommunetilsette, bedrifter og i det heile teke **Lærdølen** til å rydde i sitt eige nærmiljø. Me vil nytte rodekart til lag og organisasjonar, og me vil rydde både langs vegane, langs elvi, på grøntareala og i friluftsområde. Vert vakre, vene, grønne Lærdal også rein og ryddig, så vil folk trivast enno meir, og me kan vera enno meir stolte av bygda vår! Med mange store arrangement den næraste tida, er det mange tilreisande som kjem på besøk. Allereie laurdag 28. april skal det vera stor Vårfest i sentrum, med mykje aktivitet. Etter dette kjem arrangementa på rekkje og rad i heile vår/sommar, for ikkje å snakke om alle besøkande som kjem til dalen vår på grunn av Kongevegen og laksefiske. Me vil så gjerne vise fram ein vakker, grøn, ryddig og rein dal, men då må alle bidra!

Meininga er at dette skal verta eit årleg arrangement, slik det var tidlegare. Utan om sjølve ryddeaksjonen torsdag 26. april, vil me i tillegg oppfordre til at desse set litt ekstra fokus på rydding den neste veka:

- Statens vegvesen og deira underentreprenørar - rydde ekstra godt langs dei store vegsambanda våre
- Gardbrukarane - rydde bos på innmark/utmark, spesielt langs gjerdene
- Elveeigarane/grunneigarar langs Lærdalselva - rydde langs elva i heile dalen. Dette gjeld både kvist og boss, som er viktig å få vekk frå elvekanten før fyrste vårflaumen kjem.
- Bedrifter/verksemder, og då spesielt dei som ligg langs dei store vegsambanda våre - rydde og stelle sine næringsareal
- Byggjefirma på byggjeplassane - rydde avfall og sikre spesielt presenningar og anna plast, slik at det ikkje kan reisa med vinden

Lag og organisasjonar som vert involvert, får eigen epost/skriv om kva rode dei har fått utdelt. Dette samsvarar i stor grad med utdelte roder ved tidlegare vårryddingar. Dei som er med på ryddeaksjonen, kan vera med på konkurransen vår, å gjetta kor mange kilo avfall me klarar å samle inn i løpet av torsdagen. Flotte premiar frå Handelsgruppa! Det vert laga til sosiale møteplassar, der det vert utlevering av sekkar og handskar, og servering av vaflar og kaffe til alle som har vore med på dugnaden. Her vert det og plassert ut containrar, for innsamling av alt avfallet. Møteplassane er organisert etter dei gamle skulekretsane:

**Lærdalsøyri: Klubbhuset til Lærdal Idrettslag/Skyttarhuset**

**Ljøsne: Ljosheim ungdomshus**

**Borgund: Borgund samfunnshus**

*Lærdals Næringsssamskipnad, Kommunen, Handelsgruppa og Borgund Utvikling er allereie med på laget!*

*Me gler oss til å gjera eit felles lyft for ei ryddigare, vakrare bygd!*

Mvh

**Lærdal Frivilligsentral**

**Lærdal Idrettslag**

**Lærdal Turlag**

**Lærdal Røde kors**

